

## Informasjon til kulturarrangørar om leige av kyrkjene i Kviteseid sokn.

Velkommen til kyrkjene i Kviteseid sokn! Me set stor pris på at du er interessert i å ha eit kulturarrangement hjå oss!

### Å ha kulturarrangement i ei kyrkje.

Kulturplanen for Kviteseid sokn seier at målet for kulturverksemda i kyrkja er å hjelpe tilhøyrarane å nærme seg den levande Gud. Sidan Gud er skaparen av heile verda, ligg det eit stort rom for all kultur som er sann, ekte og ærleg i dette. Men det ligg og avgrensingar, til dømes mot nedvurdering av menneske, grupper av menneske, andre delar av skaparverket, eller av Gud sjølv. Kva som skaper avstand til Gud og kva som berre er sunn protest kan nokon gonger vere vanskeleg å avgjere. Om du som arrangør er i tvil, ikkje nøl med å ta kontakt så finn me ei løysing saman.

### Korleis går eg fram?

Ta kontakt om du ynskjer å bruke ein eller fleire av kyrkjene våre til eit kulturprosjekt! Kulturverksemda i kyrkjene i Kviteseid administrerast av eit kulturutval på tre personar, med organisten som fast sekretær. Dersom du ynskjer å gå vidare med ideen, ynskjer me derfor ein enkel skriftleg søknad med ei beskriving av arrangementet ditt, ynskje om tid og sted og anna relevant informasjon.

Når kulturprogrammet for Kviteseid skal leggjast er det mange omsyn å ta, til dømes andre kulturarrangement eller kyrkjelege arrangement i nærleiken på omkring same tid. Dersom du skulle få avslag eller spørsmål om å ha konserten på ei anna tid, er det fordi kulturutvalet forsøker å legge opp kyrkja sitt kulturprogram slik at kvart arrangement skal få det rommet det fortener.

### Kva kostar det?

Utleigereglementet for kyrkjene i Kviteseid sokn seier:

*Ved utleige til kulturarrangement skal det betalast leige etter fylgjande satsar:*

*A: Grunnleige på kr. 3 000,-. Dette dekkjer straum, reinhald og tenester utført av kyrkjetenar under, før og etter arrangementet. Dersom soknerådet eller ein annan kulturell aktør som høyrer til i Kviteseid sokn er økonomisk ansvarleg for arrangementet, betalast ikkje grunnleige.*

*B: I tilfelle der arrangøren har inntekter av billettsal, kollekt eller liknande, betalast ein avgift på 10 % av (brutto) inntekter.*

Ikkje nøl med å ta kontakt om noko er uklart kring dette.

### Kontaktinformasjon

Kulturutvalet v/organist Olav Holm

Telefon: 934 01 156

Epost: [organist@kyrkjetrappa.no](mailto:organist@kyrkjetrappa.no)

Velkommen som kulturutøvar til Kviteseid sokn! Me gler oss til å sjå og høyre kva du har på hjartet!

*Med helsing kulturutvalet i Kviteseid sokn.*

## Om kyrkjene i soknet.

I Kviteseid sokn har me 6 unike kyrkjer. Kvar av dei er typiske representantar for si arkitektur og si tid.




**Kviteseid gamle kyrkje** er frå omkring år 1200, og er den eldste bevarte kyrkja i soknet. Det er ei typisk norsk mellomalderkyrkje i kvitkalka stein. Det spesielle med Kviteseid si variant er at kyrkja sitt særeigne interiør frå mellomalderen og frametter er bevart slik det var då ho gjekk ut av vanleg bruk i 1916. Ho har korkje oppvarming eller elektrisk belysning. Men om ein tilpassar

arrangementet etter dette, har ho ein fyldig akustikk godt eigna til små ensemble og sjølvstøtt vokalmusikk av alle slag. Ho har eit Olsen og Jørgensen pneumatisk orgel med 6 stemmer som opphavelig stod i Flatdal kyrkje. Kviteseid gamle kyrkje har plass til inntil 150 menneske.



**Brunkeberg kyrkje** frå 1790 er ei krosskyrkje bygd i tre. Ho har særeigne bevarte takmaleri frå same tid med ulike motiv knytt til dommedag og Jesu atterkomst. Akustikken er varm, og dei særeigne visuelle inntrykka i kyrkja kan gje ein ekstra dimensjon til publikum si kulturoppleving. Denne kyrkja

har eit mekanisk 8-stemmers orgel frå 1975 med varm klang. Her står også eit piano som kan nyttast ved behov. Ein kan ha inntil 250 personar i Brunkeberg kyrkje.



**Vrådal kyrkje** innvigd i 1887 er ei trekyrkje med enkel og funksjonell arkitektur. Ho inneheld ein del spennande interiør frå den no rivne Vrådal gamle kyrkje, mellom anna eit krusifiks frå 1719. Kyrkja har eit 10-stemmers orgel frå Norsk Orgel- og Harmonifabrikk frå 1962. Her er plass til 170.






Kyrkjene i **Kviteseid** og **Fjågesund** blei begge bygd i 1915 og innvigd i 1916, og har kvar si særeigne arkitektur. Fjågesund kyrkje er ei intim, brunbeisa trekyrkje med arkitekturelement frå den norske stavkyrkjetradisjonen, medan Kviteseid kyrkje er eit murbygg med monumental granittfasade. Begge bygga har fargerike blyglasdekorasjonar. I Kviteseid kyrkje blei det frå starten av montert eit pneumatisk

Olsen og Jørgensen-orgel på 8 stemmer. Dette orgelet er seinare bygd om til elektrisk styring, og utvida til 17 stemmer. Kyrkja har og eit Yamaha konsertflygel. I Fjågesund brukast framleis det originale pneumatiske Olsen og Jørgensen-orgelet med 5 stemmer frå 1916. Fjågesund kyrkje har

plass til ikring 100. Kviteseid kyrkje er den største av kyrkjene våre, med plass til ikring 250 personar, og ho har kapasitet til straumkrevjande riggar.



**Kilen kapell** frå 1958 er eit tidstypisk brukskapell i tre. Av interiøret kan nemnast ein preikestol laga av ei 500 år gamal askestamme, og eit staseleg harmonium. 80 personar kan få plass i dette særeigne og intime lokalet om ein sit trøgt.

